Vitensenteret i
Sogn og Fjordane as

	Dato:	Vår referanse:
Vår sakshandsamar:	20. august 2018	Styret
Jan Øhlckers		Dykkar referanse:

INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING I «VITENSENTERET I SOGN OG FJORDANE

Det vert med dette kalla inn til ekstraordinær generalforsamling 27. august 2018 med forenkla handsaming jf. Aksjelova § 5-7 og 5-7 a. og med slik sakliste:

1. Frammøte/registrering: godkjenning av sakliste og innkalling
2. Val av møteleiar
3. Val av person til å skrive under møteboka saman med møteleiar
4. Styret sitt framlegg til endring av vedtektene § 4.

Frammøte/registrering: godkjenning av sakliste og innkalling

Styret har framlegg om forenkla handsaming jf. Aksjelova § 5-7 og 5-7 a. Dvs. at den ekstraordinære generalforsamlinga går som e-postmøte med merknadsfrist 27. august kl. 12.00.

Om nokre av eigarane krev fysisk møte eller telefon/videomøte ber vi om å få melding om dette før fristen går ut slik at vi kan fastsette ny tid og stad.

Val av møteleiar

Det er framlegg om styret sin leiar Tor Arne Ness

Val av person til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Det er framlegg om nestleiar Merete Lunde

Styret sitt framlegg til endring av vedtektene § 4.

Kort orientering om saken og vedlegget (henta frå styret sitt saksførelegg)

I samband med emisjonen vart eigarane orientert om at det ville bli etablert sokalla minimumsvedtekter. Tanken bak var at det gjennom hovudprosjektet og drifta truleg ville dukke opp behov for tillegg og endringar som det på skipingstidspunktet ikkje var råd å vete.

Det viser seg no at det med gjeldande vedtekter ikkje er mogeleg å registrere selskapet i Frivilligregisteret. Denne registreringa er eit vilkår for m.a. å søke Gjensidigestiftinga om gåvemidlar til installasjonane. Frist til å sende inn slik søknad er 15. september 2018.

Det er berre organisasjonar som driv aktivitetar som ikkje er fortenestebasert som har registreringsrett i registeret.

Døme på slike organisasjonar er:

- ikkje-økonomiske (ideelle) foreiningar

Adresse
Strandvegen 13 a
N-6884 ØVRE ÅRDAL

Norge

Mobiltelefon
415 30 963
E-post:
jan@vidsyn.as

Bank

Org. nr.:

- vanlege stiftingar som ikkje held utdelingar, eller som berre held utdelingar til frivillig verksemd
- næringsdrivande stiftingar som berre held utdeling til frivillig verksemd
- aksjeselskap som berre held utdelingar til frivillig verksemd

Organisasjonar som held eller kan halde utdelingar til fysiske personar, har ikkje registreringsrett i Frivilligregisteret, jf. Frivilligregisterlova § 4.

Viss selskapet med si verksemd ikkje skal ha til føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte, skal vedtektene innehalde fråsegner om bruk av ev. overskot og disponering av formuen ved oppløysing, jf. aksjelova § 2-2 (2)[1]. Det er og praksis for at slike selskap ikkje vert skattlagt, på lik line med tilsvarande stiftingar.

Musea i Sogn og Fjordane er – etter styret si vurdering – det mest nærliggjande ålmenn-nyttige føremålet ved ev. oppløysing. Musea er ei alminneleg stifting, jf. vedtektene[2].

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Generalforsamlinga vedtek slik vedtektsendring:

   § 4. Verksemda har ikkje som føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk vinning og skal ikkje betale utbyte. Ved eventuell oppløysning skal midlane gå til Musea i Sogn og Fjordane.

   Noverande § 4 blir § 5 og så bortetter.

Med venleg helsing

Tor Arne Ness

Jan Øhlckers

Tor Arne Ness	Jan Øhlckers
Styreleiar	Prosjektleiar
908 39 860	415 30 963

Vedlegg:

Utkast til nye vedtekter

[1] (2) Dersom selskapet ved sin virksomhet ikke skal ha til formål å skaffe aksjeeierne økonomisk utbytte, skal vedtektene inneholde bestemmelser om anvendelse av overskudd og av formuen ved oppløsning.
[2] http://misf.no/sites/default/files/2018-03/Vedtekter%20for%20MiSF%20REVIDERT%202017%2006%2020_0.pdf

Vedtekter

27. august 2018

§ 1.

Verksemda sitt namn skal være «Vitensenteret i Sogn og Fjordane as».

§ 2.

Verksemda har forretningskontor i Sogndal kommune

§ 3.

Verksemda sitt føremål er å etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane.

§ 4.

Verksemda har ikkje som føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk vinning og skal ikkje betale utbyte. Ved eventuell oppløysning skal midlane gå til Musea i Sogn og Fjordane.

§ 5.

Aksjekapitalen skal vere på kr 3 060 000.-

§ 6.

Aksjen sin pålydande skal vere kr 10.000.-.

§ 7.

Verksemda sitt styre skal ha frå 3 til 7 medlemmer med personlege vara-medlemmer.

Styret vel sjølv leiar.

§ 8.

Kunngjering til aksjonær skjer ikkje offentleg. Verksemda skal halde ordinær generalforsamling kvart år innan utgangen av juni. Innkallinga med dagsorden skjer med skriftleg varsel til aksjonærane minst to veke på førehand.

§ 9.

Årsmelding, årsrekneskap og revisor sin melding skal vere sendt til kvar einskild aksjonær samstundes som innkalling til ordinær generalforsamling.

§ 10.

På den ordinære generalforsamlinga vert følgjande spørsmål handsama og vedteke:

1. Godkjenning av årsmeldinga og årsrekneskapen og eventuell utdeling av utbyte
2. Val av styre.
3. Eventuelt val av:
    a. Revisor
    b. Forretningsførar
4. Vedtektsendringar
5. Andre saker som det ligg til generalforsamlinga

§ 11.

Framlegg som ein aksjonær ynskjer at den ordinære generalforsamlinga skal handsame skal være skriftleg og sendt styret innan 1. mai. Alle dokument til generalforsamlinga skal i varseltida vere lagt ut på verksemda sitt forretningskontor.

§ 12.

Elles gjeld aksjelova.

Tor Arne Ness	Merete Lunde
Styreleiar	Nestleiar